

## Referat frå styremøte 2020/6 i Norsk folkemusikklag

**Møte på Zoom torsdag 20. august kl. 12.00–14.00.**

*Til stades: Bjørn Aksdal, Anne Svånaug Blengsdalen, Karin Eriksson, Per Åsmund Omholt, Andrea Kasbo Rygh og Sveinung Søyland Moen (referent)*

### **Sak 40/20      Korte meldingar**

- Per Åsmund og Anne presenterte begge nye CD-utgjevingar for resten av styret, Per Åsmund med «Vara ungar og gå fri – slåtter etter Truls Ørpen» og Anne med «Rjukanfossen – slåttar i Tinn-tradisjon».
- Per Åsmund informerte om at Universitetet i Sørøst-Noreg, Rauland, 1. september vil senda søknad om oppretting av utøvande dansestudium.

### **Sak 41/20      Ny nettside**

I e-post frå 28.06. informerte Sveinung styret om at publiseringa av nettsida av ulike årsakar var utsett til over sommaren. Dette var grunna tekniske utfordringar med overføring av informasjon til den nye nettsida. Grunna ferieavvikling har det tatt tid å få løyst denne utfordringa, men NFL sin webhotell-leverandør Mikkel Aanderaa arbeider no med saka. Per 20. august har laget òg tekniske utfordringar med noverande nettside, men Aanderaa arbeider òg med denne saka.

Sveinung vil følgja opp kontakten med Aanderaa med plan om å få lansert den nye sida til årsmøtet i september. Sida vil då lanserast med den viktigaste informasjonen, før laget kan utvida med meir informasjon i løpet av hausten etter kvart som dette er klart.

### **Sak 42/20      Retningslinjer for bruk av nett- og facebookside**

Saka var utsett frå førre styremøte. Sveinung skreiv i e-post til styret 1. mai:  
*I samband med etablering av ny nettside, vil eg gjerne ta opp at ein diskusjon me så vidt har vore innom tidlegare. Kva er funksjonen til nettsida og Facebookside vår, anna enn å informera om drifta til laget? Kan me òg dela nyhende og aktuelle saker frå andre? Kva retningslinjer skal i så fall gjelda for det?*

Styret diskuterte moglege løysingar og vart samde om følgjande:

- Det bør vera ei fast redaksjonell hand på nettstaden til laget, der berre den viktigaste informasjonen med vekt på aktiviteten i laget vert publisert. Det kan òg vera ei side med fagressursar der det kan leggjast ut lenker til aktuelt fagstoff. Styret vil sjå nærare på denne saka når resten av nettsida er på plass.
- Det bør vera lågare terskel for bruk av Facebookside. Denne kan til dømes brukast til korte nyhendesaker frå laget og deling av sentrale saker frå andre, t.d. aktuelle stillingsannonser for fagfeltet, informasjon frå utdanningsinstitusjonane og ICTM, med meir. Det vil vera positivt med

meir aktivitet på Facebooksida for å gjera laget meir aktuelt og gi det ein samlande funksjon i fagmiljøet, i tillegg til å leia interesserte inn på nettsidene. Laget har vidare over tre gonger så mange følgjarar på Facebooksida som det har medlemmar, så her er mogleg òg eit potensiale til å auka medlemsmassen.

#### **Sak 43/20    Årsmøtet 2020**

Ettersom årsmøtet skal gjennomførast på Zoom, diskuterte styret nokre praktiske utfordringar. Styret er samde om at chat-funksjonen bør brukast til å be om ordet – Per Åsmund følgjer med på det. Reaksjonsknappane vil brukast under sjølvvalet. Styret gjekk vidare gjennom årsmøtesakene og fordelte følgjande oppgåver:

##### *Før møtet:*

- Andrea sender ut e-post med sakspapira.
- Per Åsmund sett opp møtet i Zoom og sender ut innkalling med lenke, i tillegg til ei påminning når møtet nærmar seg.

##### *Fordeling av saker under årsmøtet:*

- Per Åsmund er ordstyrar (pga. Zoom-organisering)
- Sveinung er referent.
- Bjørn presenterer årsmelding, arbeidsprogram, kontingent, budsjett (ev. med hjelp frå Sveinung) og vedtektsendringar.
- Anne presenterer rekneskapen.
- Per Åsmund informerer om seminaret 2021.
- Karin informerer om det nye redaksjonsrådet.
- Styret ber valkomiteen om å ta seg av valet.

#### **Sak 44/20    Seminar og årsmøte 2021**

På grunn av Covid-19 meiner styret det vil vera best å venta lengst mogleg med seminaret i 2021, helst til etter påske. I så fall kan veke 16, ev. veke 14, vera aktuelt. Styret undersøker moglege kollisjonar med andre arrangement fram mot neste styremøte.

Sveinung vil leggja ut ei påminning om årsmøtet 2020 på Facebook og informerer samstundes om at seminaret er utsett til våren 2021. Det bør òg ut på nettsida når den fungerer att.

#### **Sak 45/20    Musikk og tradisjon 2020**

Status for arbeidet med årets utgåve: fagfellevurderingar, bokmeldingar, rapportar.

Karin oppdaterte styret om status for skriftet. Planlagde bokmeldingar og mastersamandrag er stort sett komne inn, men det ser ikkje ut til å verta nokon

konferanserapportar i år pga. Covid-19. Styret gjekk vidare gjennom tre av artiklane som førebels har kome inn i endeleg versjon, men valde å utsetja gjennomgangen av dei siste til eit redaksjonsmøte 26. august. Styret sender eventuelle eigne kommentarar til Karin som ho kan ta med i siste tilbakemeldingar til forfattarane.

#### **Sak 46/20 MoT – nytt redaksjonsråd**

Status for oppnemning av nytt redaksjonsråd.

Karin informerte om at ho har nytt reaksjonsråd på plass til Musikk og tradisjon! Sveinung las opp utkast til avtakking av det gamle styret som vil sendast ut i næraste framtid. Styret er samde om at det nye rådet kjem inn frå 2021-skriftet. Karin planlegg eit Zoom-møte med det nye rådet og kan mogleg få tips til innhald i oppstarten med 2021-skriftet.

Nytt redaksjonsråd:

- Anne Svånaug Blengsdalen, Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), Bø
- Lene Halskov Hansen, Dansk Folkemindesamling – Det Kongelige Bibliotek, København
- Gediminas Karoblis, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), Trondheim
- Niklas Nyqvist, Finlands svenska folkmusikinstitut, Vasa
- Ingar Ranheim, Valdresmusea, Fagernes
- Astrid Nora Ressem, Nasjonalbiblioteket, Oslo
- Gunnar Ternhag, Høgskolan i Dalarna og Stockholms Universitet

Sveinung legg ut det nye redaksjonsrådet som nyhendesak på Facebooksida når det formelle er på plass.

#### **Sak 47/20 Neste styremøte**

Styret vart samde om eit redaksjonsmøte på Zoom onsdag 26. august kl. 13.30–14.30. Det vert då gjennomgang av dei siste innkomne artikkelutkasta. Redaksjonen sender eventuelle detaljerte kommentarar til Karin på førehand. Per Åsmund sender Zoom-lenke.

Neste styremøte: Onsdag 23. september kl. 12.00–14.00 på Zoom. Per Åsmund sender Zoom-lenke.

#### **Sak 48/20 Eventuelt**

Budsjettsøknad til Kulturrådet

Bjørn hadde på førehand sendt ut utkast til styret. Styret hadde ingen merknadar til utkastet og godkjende at søknaden vert sendt til Kulturrådet.